

## Kart over fiskestrek for Steine/Underbakke



### Informasjon om strekket

Fisket på Steine / Underbakke har vore utleigd på faste kontraktar frå 1964 fram til og med 2010 sesongen. Frå i år vert det seld fiskekort på strekket med max 6 stenger pr døgn.

Fiskestrekket er ca 2500 m langt. Øvst grensar fiskestrekket til Lindum Lakselott. Her finn ein hølen Vikjo som er forholdsvis grunn og passar godt for flogefiske. I midtre del er Steinshølen, ein djup høl som passar betre for slukfiske. Sunnvollshølen ligg i nedre del av strekket, er grunn og passar for flogefiske. Fiskeretten gjeld og heile Steinsholmen dersom ein disponerer båt. Strekket grensar til Ritland i nedre del.

Dei generelle reglane for fiske i Suldalslågen gjeld, med unntak av at det ikkje er lov å fiska med makk.

